



# Handelshøyskolen BI

## MAN 51271 Terrorism and Counter-Terrorism

Term paper 60% - W

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	17-01-2022 09:00	<b>Termin:</b>	202210
<b>Sluttdato:</b>	30-05-2022 12:00	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	P		
<b>Flowkode:</b>	202210  11595  IN02  W  P		
<b>Intern sensor:</b>	(Anonymisert)		

### Deltaker

Marie Ingeborg Espe, Kristin Sundsteigen

### Informasjon fra deltaker

<b>Tittel *:</b>	Terrortrusselen frå Den Islamske Staten i Irak og Levanten (ISIL) mot Stopp Islamiseringen av Norge (SIAN) sine markeringar uåren og sommaren 2022
<b>Naun på veileder *:</b>	Pia Therese Jansen

<b>Inneholder besvarelsen konfidensielt materiale?:</b>	Nei	<b>Jeg bekrefter innlevering til biblioteket *:</b>	Ja
---	-----	---	----

### Gruppe

<b>Gruppenavn:</b>	(Anonymisert)
<b>Gruppenummer:</b>	20
<b>Andre medlemmer i gruppen:</b>	

# Prosjektoppgåve

ved Handelshøyskolen BI

- Terrortrusselen frå Den Islamske Staten i Irak og Levanten (ISIL) mot Stopp Islamiseringen av Norge (SIAN) sine markeringar våren og sommaren 2022-

Eksamenskode og namn:

**MAN 51271 – Terrorism & Counter-Terrorism**

Utleveringsdato:

17.01.2022

Innleveringsdato:

30.05.2022

Stad:

BI Oslo

---

**INNHALDSLISTE**

<b>INNHALDSLISTE .....</b>	<b>I</b>
<b>SAMANDRAG.....</b>	<b>II</b>
<b>1. INNLEIING.....</b>	<b>1</b>
<b>2. TRUSSELAKTØREN.....</b>	<b>1</b>
2.1 INTENSJON.....	3
2.2. KAPABILITET.....	5
2.2.1 <i>Organisasjon og nettverk</i> .....	5
2.2.2 <i>Rekruttering</i> .....	7
2.2.3 <i>Våpentilfang</i> .....	10
2.2.4 <i>Finansiering</i> .....	11
2.2.5 <i>Reiseverksemd</i> .....	13
2.2.6 <i>Tidlegare angrep</i> .....	14
<b>4. TRUSSELBILETET .....</b>	<b>16</b>
<b>5. KONKLUSJON .....</b>	<b>17</b>
<b>LITTERATURLISTE .....</b>	<b>18</b>

**SAMANDRAG**

Denne trusselvurderinga har eit aktørfokus og er ein predikativ analyse med formål å fungere som ei beslutningsstøtte for politiet. Varslingsproblemet vi har tatt for oss er «*Terrortrusselen frå Den Islamske Staten i Irak og Levanten (ISIL) mot Stopp Islamisering av Norge (SIAN) sine markeringar våren og sommaren 2022*». Vi har ved å analysere ei rekke indikatorar vurdert det som «lite sannsynlig» at ISIL vil gjennomføre eit terrorangrep mot SIAN sine markeringar vår og sommar 2022.

ISIL har intensjon om og vilje til å ramme ein organisasjon som SIAN, men det er ikkje funne informasjon om at SIAN sine markeringar og handlingar er kjent for terrorgruppa. SIAN har fått lite merksemd i tradisjonelle norske medium og vi har ikkje funne noko informasjon om at dei er omtala i europeiske- eller andre internasjonale medium. SIAN deler sine meiningar og handlingar på sosiale medium, og vi kan difor ikkje sjå vekk frå at dette har spreia seg på «det skjulte nettet» og i krypterte appar. Dette er kommunikasjonsplattformer som vi veit at blir nytta av terrorgruppa, men som vi ikkje har hatt tilgang til. Vi kan difor ikkje utelukke at SIAN er sett på «kartet» av ISIL.

Med tanke på kapasitet og evne verkar ISIL som organisasjon svekka. Ideologien lev derimot vidare og fleire av dei europeiske nettverka synast framleis å vere sterke. Det er ikkje noko som tyder på at det finst aktive terrornettverk med knyting til ISIL i Noreg. Eit angrep frå eit europeisk nettverk, eller individ/grupper med tilknyting til eit europeisk nettverk synast difor å vere det mest sannsynlege scenarioet. Vi har derimot ikkje funne informasjon som indikerer at desse nettverka har motivasjon nok til å gjennomføre eit angrep mot SIAN.

Økonomisk verkar ISIL framleis sterke, men på bakgrunn av at angrepa dei siste åra har blitt gjennomført med enkle våpen og har kosta lite, har dette mindre betydning for vurdering av trusselen. Det same gjeld for våpentilfang. Sjølv om ein ser at ISIL tidlegare har nytta seg av meir avanserte våpen, har dei fleste angrep dei siste åra blitt utført ved bruk av enkle våpen. Til slutt ser vi at pandemien har satt ein stoppar for reiseverksemd dei siste åra både i Europa og resten av verda, noko som har påverka ISIL sin evne til å gjennomføre terrorangrep i Vesten.

## 1. INNLEIING

Den største terrortrusselen mot Noreg kjem frå blant anna ekstreme islamistar, spesielt ISIL og al-Qaida (PST, 2022). I denne trusselvurderinga vil det bli sett på terrortrusselen frå ISIL mot SIAN sine markeringar vår og sommar 2022. Trusselvurderinga er skriven for å fungere som ei beslutningsstøtte for politiet, som står for planlegging og sikkerheit under markeringane til SIAN.

Både PST og E-tenesta trekk fram provokasjon og fornærmingar mot islam og muslimar som faktorar som vil påverke trusselen og som kan gi ei rask auke i angrepsaktiviteten (E-tenesta, 2022; PST, 2022). Når jihadistar rettferdiggjær terrorangrep i Europa legg dei ofte vekt på to faktorar: militær invasjon i muslimske land og krenkingar mot Islam og profeten Muhammed (Nesser, 2018). Europa har sett fleire angrep frå ISIL som følge av opplevde krenkingar av islam og muslimar, sist i 2020 då ein fransk lærar vart halshoggen etter å ha vist fram karikaturteikningar av profeten Muhammad (FFI, 2020).

ISIL er ein ekstrem jihadistisk terrororganisasjon som vaks fram etter invasjonen i Irak i 2003. Det vi veit i dag er at ISIL oppstod på grunnlag av Abu Musab al Zarqawi, grunnleggaren av al-Qaida i Irak, sin ekstreme ideologi og brutale tolking av jihad (Stern & Berger, 2016). ISIL har vist seg å vere enda meir brutale enn al-Qaida (Sitter, 2017), og sidan 2014 har nesten alle terrorplott i Europa hatt knytningar til ISIL (Nesser, 2018).

SIAN er ei norsk islamfiendtleg gruppe som vart oppretta i 2008, og har i fleire år vore aktive i Noreg i større eller mindre grad (<https://www.sian.no>). Gjennom markeringar og publiseringar ønsker dei å vise den norske befolkninga at religionen Islam ikkje er foreinleg med det norske samfunnet. Ved fleire av markeringane har dei blant anna brent koranen. SIAN har vore aktive våren 2022, og har fleire planlagde markeringar sommaren 2022 (<https://www.sian.no>).

For å svare på varslingsproblemet vil vi innleiingsvis sjå på ISIL som terrorgruppe for så å vurdere ISIL sin intensjon og kapasitet ved å gå inn på sju indikatorar. Under kvar indikator vil det bli gjort ei delvurdering før vi til slutt ser på trusselbiletet og kjem til ein konklusjon med bakgrunn i sannsynsvurderinga til PST.

## 2. TRUSSELAKTØREN

ISIL er definert som ein terrororganisasjon av "the U.S Bureau of Counterterrorism" (førelesing BI, modul 2). Ein terrororganisasjon er ein organisasjon som enten har terrorisme som hovudformål eller som ein vesentleg del av verksemda si (Ot.prp. nr. 8 (2007-2008) punkt 7.9.4.5 side 141).

---

Begrepet terrorisme er omdiskutert og det finst mange ulike definisjonar, men fleire fellesnemnarar går igjen (Sitter, 2017). Den første er bruk av vald, anten ved valdelege handlingar eller truslar om slike handlingar (Sitter, 2017). Den andre er at terrorisme er ei politisk handling, det vil seie at det er noko som blir gjort for eller på vegne av ei gruppe og ikkje berre individet (Sitter, 2017). Den tredje er betydinga av sjokk og redsel for gjentakning: "poenget med terrorisme er å terrorisere" (Sitter, 2017, s. 13). Den fjerde er at eit viktig mål med valdshandlinga er kommunikasjon, altså å spreie frykt og skape endringar i samfunnet. Den femte er at terrorisme er gjennomført av ikkje-statlege aktørar (Sitter, 2017). I denne oppgåva vil vi legge til grunn definisjonen som står i sikkerheitslova og som blir brukt av PST, «*ulovlig bruk av, eller trussel om bruk av, makt eller vold mot personer og eiendom, i et forsøk på å legge press på landets myndigheter eller befolkning eller samfunnet for øvrig for å oppnå politiske, religiøse eller ideologiske mål*» (PST et.al, 2015).

ISIL blir beskriven som ei svært ekstrem og brutal terroristgruppe med tidlegare tilknytning til al-Qaida (Hoffmann, 2017). I likskap med al-Qaida har ISIL som mål å gjenreise kalifatet og på den måten oppnå at ei ekstrem fundamentalistisk tolking av Islam blir den einaste aksepterte religionen og at ein skal følgje Sharia som det einaste lovsystem (Hofmann, 2017). ISIL byggjer på Bin Laden sine oppfordringar til drap og terrorisme, men med ein meir hemningslaus taktikk enn al-Qaida (Sitter, 2017). ISIL sin strategi er å drepe så mange som mogleg med ein tanke om å polarisere Europa og skape kaos (Nesser, 2018).

Ideologien til ISIL er basert på tankane til den leiande jihadist Abdullah Azzam og legg vekt på motstand mot vestleg innflyting og inngripen, og kompromisslaust forsvar av muslimske land. ISIL har eit spesielt hat retta mot sjiamuslimar, Vesten, kristne, jødar, og andre ikkje-truande (Hoffmann, 2017).

I juli 2014 erklærte Abu Bakr al-Baghadi seg sjølv som leiar, og etter å ha erobra Fallujah og Mosul i Irak i 2014 erklærte ISIL at kalifatet var etablert og at alle muslimar måtte sverje truskap til dei (Sitter, 2017). Ved å vere den terrorgruppa som var mest brutal, sterkast og rikast, og at terrorgruppa hevda å vere ein stat, gjorde ISIL seg meir populær blant europeiske rekruttar enn al-Qaida (Nesser, 2018). Dette er den viktigaste grunnen til at ISIL har vore den dominerande terrortrusselen i Europa dei siste åra (Nesser, 2018).

Etter den amerikanske operasjonen «*Operation Inherent Resolve*» mot ISIL, der Noreg var ein av dei deltakande nasjonane (Forsvaret, u.å.), leid ISIL etterkvart store tap (Counter Extremism Project (CEP), u.å.). I 2017 mista ISIL store delar av Kalifatet, og i

---

løpet av 2019 mista dei siste rest av sin territoriale kontroll og al-Baghdadi vart drept (CEP, u.å.). Ein stor del av medlemmane vart drept eller arrestert, inkludert framandkrigarar, og propagandaapparatet deira vart redusert (CEP, u.å.). ISIL har over tid føretatt ei strategisk endring og prioriterer kapasitetsbygging og angrep mot lokale myndigheiter og militære mål i land og områder dei har filialar (E-tenesta, 2022). Etter at Vesten trakk seg ut av Afghanistan i 2021, og generelt sett mindre vestleg nærvær i muslimske land, verkar ikkje vestlege mål å vere like hensiktsmessige som tidlegare (E-tenesta, 2022). Til tross for at ISIL verkar å vere svekka internasjonalt og mindre opptatt av Vesten enn tidlegare, vil dei fortsette å angripe vestlege mål dersom moglegheita opnar seg (E-tenesta, 2022).

For å kunne vurdere trusselen ISIL utgjer mot SIAN-markeringane vil det under bli sett på ei rekke indikatorar som måler intensjonen (vilja) og kapasiteten (evna) til ISIL. Ein indikator vert definert som «(...) a known or theoretical step which the adversary should or may take in preparation for hostilities. It is something which we anticipate may occur (...)», (Garbo, 2004, s. 3). Ein indikator må sjåast i samanheng med andre indikatorar for å seie noko om trusselbiletet då ein indikator i seg sjølv ikkje naudsynt fører til at trusselen endrar seg (førelesing BI, modul 2). Ein ser først og fremst etter endringar i indikatoren, om den er svekka, styrka eller uendra (førelesing BI, modul 2). Vi har valt ut dei indikatorene vi tenkjer er mest relevante med tanke på at informasjonen vi har baserer seg på opne kjelder, men utelukkar ikkje at det er andre indikatorar som kunne vore aktuelle å sjå på.

## **2.1 INTENSJON**

Intensjon er ein indikator fordi det seier oss noko om viljen ISIL har til å utføre terrorangrep, i vårt tilfelle mot SIAN-markeringane og om ISIL ser på SIAN-markeringane som legitime mål. For å kunne seie noko om intensjonen er utsegn og erklæringar frå gruppa ei viktig kjelde. Det er viktig å sjå på mengda utsegn og erklæringar, innhaldet i dei, og eventuelle endringar både i mengde og innhald (førelesing BI, modul 2). Det har vist seg å vere vanskeleg å finne kjelder som seier noko om mengda/hypigheita på utsegn og erklæringar frå ISIL. Det vil difor bli sett mest på innhaldet i dei, og om ein ser endringar i innhaldet.

ISIL har kome med fleire utsegn og erklæringar gjennom åra som kan gi oss eit bilete av kva dei ønskjer og kva dei ser på som aktuelle mål. Allereie i 2014 oppfordra ISIL sympatisørar i heile verda til å utføre terrorangrep i Vesten, og i tida etter såg verda fleire terrorangrep utført av ISIL og sympatisørar av ISIL (Stern & Berger, 2016). Eit

---

døme på utsegn frå ISIL er: «*Vi vil ta krigen til deres hjemland dersom dere ødelegger vårt prosjekt*» (Hellestveit, 2017, s. 176). Ei oppfordring som framandkrigarar har effektuert i Vesten (Hellestveit, 2017).

Som nemnt trekk både PST og E-tenesta fram provokasjon og krenkingar av islam og muslimar som faktorar som påverkar terrortrusselen i 2022 (2022). Dette kan bidra til å auke rekruttering og legitimering av terrorhandlingar, og det er når slike hendingar finn stad i Noreg at sannsynet aukar for at enkelte set i verk planlegging av terrorrelaterte handlingar (PST, 2022; E-tenesta, 2022). Desse faktorane synest å vere viktige ved vurdering av intensjon.

Vi har tidlegare i Europa sett at ISIL oppfordrar til angrep og at angrep har blitt utført etter opplevde krenkingar (Nesser et al., 2016). Skandinavia sat seg på kartet då norske og danske aviser trykte Muhammed-karikaturar i 2005 (Sitter, 2017). I etterkant av dette såg Europa fleire terrorangrep, og det vart brukt av al-Qaida som ein grunn til å meir eller mindre erklære krig mot Skandinavia (Sitter, 2017). Osama bin Laden oppfordra muslimar til å drepe karikaturteiknarane og straffe den danske regjeringa som godtok publiseringa (Nesser, 2018). Seinast i 2020, etter at karikaturteikningane av profeten Muhammed vart republisert, kom ISIL med oppfordringar til muslimar i alle land om å hemne krenkingar av islam og muslimar (PST, 2020). Europa såg fleire terrorangrep som følgje av dette, noko som førte til at PST skjerpa terrortrusselen i Noreg (PST, 2020). Det er ikkje funnet utsegner som rettar seg direkte mot å hemne krenkingar etter 2020, men seinast i april 2022 vart det publisert ei lydfil av ISIL sin talsmann Al-Muhajir, der han oppfordra sympatisørarar til å ta opp att angrep mot Vesten (MEMRI, 2022). Det viser at vestlege mål framleis er aktuelle og rekna som legitime for ISIL og sympatisørar av ISIL.

Opplevd provokasjon og krenkingar mot islam og muslimar kan altså auke intensjonen om å angripe vestlege mål (PST, 2022). Det er liten tvil om at det SIAN seier og gjer kan bli oppfatta som nettopp dette. Spørsmålet er om det SIAN gjer og har gjort er nok til å provosere fram og legitimere eit terrorangrep, og om ISIL i det heile tatt har kjennskap til SIAN. Media spelar her ei viktig rolle med tanke på kor mykje, korleis og kor langt SIAN sine markeringar blir spreia. Sannsynet for at krenkingar vil medføre radikaliserings og terrorplanlegging aukar med brei dekning i tradisjonelle og sosiale medium (PST, 2022). Generelt sett kan ein seie at SIAN har hatt liten nyheitsverdi i Noreg sett i forhold til karikaturstriden tilbake i 2005. Det vi veit er at SIAN publiserer sine meiningar på sosiale medium og på si nettside, og at dei ofte "livestreamer" markeringane sine. Vi veit at det skjulte nettet og krypterte appar er brukt av ekstreme



---

islamistiske nettverk til å spreie budskap og nyheiter (Sitter, 2017), men utan tilgang til desse er det vanskeleg å seie eksakt om SIAN sine markeringar og utsegn har spreia seg i desse kanalane. Det er altså vanskeleg å seie sikkert om SIAN er kjent av ISIL og dermed har ein intensjon om å ramme markeringane, men ein kan ikkje utelukke dette.

Ut i frå det vi har sett når det gjeld indikatoren intensjon, blir det vurdert som «*meget sannsynlig*» at intensjonen om å ramme ei markering frå SIAN er til stades dersom ISIL er klar over SIAN sin aktivitet. ISIL har nyleg uttalt at vestlege mål framleis er aktuelle og ein har sett at provokasjon og krenkingar tidlegare har vore med på å legitimere vestlege mål. Det er derimot ikkje nok at intensjonen er til stades. ISIL må også ha evna til å gjennomføre eit angrep. Det blir difor viktig å sjå på andre indikatorar for å kunne vurdere sannsynlegheita for eit angrep.

## **2.2. KAPABILITET**

Kapabilitet seier noko om kapasiteten og evna ISIL som gruppe har til å gjennomføre eit terrorangrep, i vårt tilfelle mot SIAN-markeringane vår og sommar 2022. For å svare på dette vil vi i tillegg til intensjon vurdere seks ulike indikatorar som seier oss noko om dette. Indikatorane vi vil sjå på er organisasjon og nettverk, rekruttering, våpentilfang, finansiering, reiseverksemd og tidlegare angrep.

### **2.2.1 Organisasjon og nettverk**

Organisering og nettverk er ein viktig indikator når ein skal sjå på kva trussel ISIL utgjer mot SIAN sine markeringar vår og sommar 2022. Denne indikatoren seier oss mykje om korleis terrororganisasjonen blant anna tek avgjersler, korleis gruppa internt organiserer seg, leiardynamikk, og kva dimensjon og styrke gruppa har. På bakgrunn av vårt varslingsproblem vil vi legge spesielt vekt på organisering og terrornettverk i Europa. Utfordringa med denne indikatoren, som ein vil sjå under, er at nettverka i vesten er lukka og ofte baserer seg på cellestruktur for å hindre å bli oppdaga, noko som gjer det vanskeleg å innhente informasjon (Nesser et al., 2016).

Val av organisasjonsstruktur baserer seg på korleis terrorgrupper tek avgjersler, opererer, rekrutterer, vert finansiert og korleis dei driv propaganda (Sitter, 2017). ISIL har ein tredelt strategi: 1) sentral leiing, 2) avdelingar og provinsar, og 3) små nettverk og einsame ulvar i Europa (Sitter, 2017). Gruppa støttar sine sentrale organisasjonar, støttar egne avdelingar i andre muslimske land og støttar eit laust nettverk som driv "lederløys jihad" i vesten (Sitter, 2017). ISIL sin organisasjonsstruktur krev ein sterk

---

sentral kontroll då dei tidlegare har tatt og framleis ynskjer å ta nye provinsar (Sitter, 2017).

Trusselen frå jihadistiske grupper i Europa er eit transnasjonalt fenomen, og for å forstå korleis terrornettverk vert danna må ein sjå på samspelet mellom nettverka i Europa og nettverka i konfliktsonene (Nesser, 2018). ISIL som organisasjon har støtta ei rekke ulike angrep utført av meir eller mindre isolerte grupper i vesten og dei brukar nettverka til å danne ein base i Europa (Nesser, 2018). Måten dei har støtta gruppene på er ved propaganda og informasjon, trening, finansiell støtte og operasjonell kontroll (Sitter, 2017). Europeiske nettverk ser ut til å vere meir robuste i dag enn før ISIL vart oppretta (E-tenesta, 2022). Dette seier oss at nettverka i Europa er viktig når ein skal vurdere trusselen ISIL utgjør opp mot vårt varslingsproblem, og informasjon om størrelse og aktivitet kan seie oss mykje om trusselbiletet. Vidare seier det oss at desse nettverka blir støtta og styrt av ISIL sentralt.

ISIL som jihadistisk organisasjon er basert på ein ekstrem form for Islam og av den grunn må terroristar innhente ei godkjenning frå ein person dei ser på som ein religiøs autoritet før dei iverksett eit angrep (Nesser, 2018). Ein religiøs autoritet kan vere ein entreprenør eller ein ideologisk leiar (Nesser, 2018). Måten dei kommuniserer på er ved å ta i bruk krypterte appar som til dømes Telegram og WhatsApp (Nesser, 2018). På bakgrunn av dette er soloterrorisme i Europa sjeldan faktiske "einsam ulv"-angrep sjølv om det ofte er det dei vert omtala som (Nesser, 2018). Dette tydar på ei hierarkisk leiing der personar som gjennomfører terrorhandlingane svarar til og kommuniserer med leiarar på ulike nivå. Det seier oss òg noko om korleis gruppa organiserer seg og korleis gruppa sentralt styrer kva mål og aksjonar som vert sett på som legitime, men på grunn av bruken av krypterte appar er det svært vanskeleg å innhente informasjon i forkant av eit angrep. Informasjon frå opne kjelder seier derfor lite om den reelle trusselen.

For å gjennomføre angrep i Europa brukar ISIL individ som har budd i landa dei skal angripe og som kjennar dei samfunna dei opererer i (Nesser, 2018).

Framandkrigarar har spelt ei viktig rolle for framveksten av jihadismen i Europa, og hovudgrunnlaget ISIL har for å byggje angrepsnettverk i Europa kjem frå framandkrigarar (Nesser et al., 2016). Framandkrigarane blir ein link mellom ekstremistmiljøa og islamismen i Europa, og dei militante gruppene sentralt (Nesser et al. 2016). Det at europeiske statar ikkje klarte å hindre at så mange framandkrigarar reiste til Syria, er ein viktig forklaringsfaktor til at terrortrusselen i Europa vart så høg i åra frå 2014 til 2017 (Aukrust et al, 2020-d.d). Det viktigaste elementet i dei europeiske terrornettverka er

---

individ som blir omtala som entreprenørar (Nesser, 2018). Det er entreprenørane som rekrutterer andre og som byggjer og styrer terrorceller eller nettverk (Nesser, 2018). Entreprenørane er meir resurssterke, politiske og ideologiske enn andre terroristar og fungerer som ein link mellom nettverka i Europa og ISIL i konfliktsonene (Nesser, 2018). Entreprenørane har ofte sjølv bakgrunn som framandkrigar og nettverka kan sporast tilbake til nettverk som vart etablert tidleg på 1990-tallet av al-Qaida-veteranar frå framandkrigarbølgja på 1980-tallet (Nesser, 2018). Vi vil gå nærmare inn på omgrepet entreprenørar under indikatoren «rekruttering».

Terrorplotta i Europa som er knytt til ISIL stammar frå ein ny generasjon av europeiske jihadistar som er basert på framandkrigarnettverka (Nesser, 2018). 2020 var det året med flest islamistiske terrorangrep i Frankrike sidan 2015 og vi vil truleg ha ein «forhøgd trussel» frå desse nettverka i overskodelig framtid, ikkje berre i Frankrike, men òg i Storbritannia og Tyskland som begge har hatt nettverk over lang tid (Aukrust et al, 2020-d.d). Nettverksfenomenet har fått lov til å feste seg, og det vil alltid komme nye konflikhtar og hendingar som gruppene kan bruke til å mobilisere og rekruttere rundt (Aukrust et al, 2020-d.d). Dei ekstreme islamistiske miljøa i Noreg var svakare i 2018 enn i perioden 2012 til 2015 (Justis- og beredskapsdepartementet(JD), 2018). Vi har ikkje funne informasjon om at dette har endra seg sidan 2018 og vi har heller ingen informasjon om at det eksisterer aktive nettverk i Noreg, men nettverksbygging blant ekstremistar i andre europeiske land kan påverke trusselsituasjonen i Noreg i negativ retning (PST, 2020).

Som beskrive er hovudgrunnlaget til nettverka i Europa framandkrigarar og vi har sett at ISIL i hovudsak brukar personar med tilknytning til landa og som kjenner til dei samfunna dei skal operere i. Det er difor «meget sannsynlig» at den største trusselen mot SIAN-markeringane vil vere frå europeiske individ med tilknytningar til dei europeiske nettverka, anten ved å vera tidlegare framandkrigar eller individ som har blitt rekruttert av personar med bakgrunn som framandkrigar, såkalla entreprenørar. I og med at dei ekstreme islamistmiljøa i Noreg er sett på som svekka og at det ikkje føreligg noko informasjon om at det eksisterer nettverk i Noreg er det «svært lite sannsynlig» at eit norsk nettverk vil utgjere noko trussel mot SIAN-markeringane.

### *2.2.2 Rekruttering*

Rekruttering er ein viktig indikator å sjå på når ein skal danne seg eit bilete av trusselen. Framgangsmåte, omfang og kor flinke terrorgruppa er til å rekruttere seier

---

noko om kor sannsynleg det er at dei har personar til å organisere, planlegge og gjennomføre eit terrorangrep.

Det er mange plattformar ISIL kan rekruttere på, og hovudsakleg kan dette delast i to: det fysiske rommet og det digitale rommet, sjølv om rekruttering òg kan sjåast i samanheng med samanslåing av grupperingar. Rekrutteringsaktiviteten finn stad på religiøse arenaer, i fengsel og på internett (PST, 2020). Det at rekrutteringa skjer i det digitale rom gjer at ISIL kan rekruttere og spreie propaganda enkelt og fritt på tvers av landegrensar og verdsdelar, og geografisk nærleik til krenkingane er ikkje avgjerande for kvar ein ser radikaliserings- og valdelege motreaksjonar (PST, 2018). ISIL har brukt internettet, derunder sosiale medium, aktivt til å spreie både propaganda og for å rekruttere (Sitter, 2017). Måten ISIL tidleg tok i bruk reklame- og propagandafilmar av høg kvalitet har gjort at dei har nådd ut til eit stort publikum (Sitter, 2017). Desse media har vore aktivt brukt for å rekruttere framandkrigarar frå europeiske land og gav ISIL eit voksende potensial til terrorisme i Europa (Sitter, 2017). ISIL sin bruk av medieproduksjonar retta mot eit ungt vestleg publikum har hatt ei sentral rolle for deira evne til å rekruttere (Nesser, 2018). Dei brukar det skjulte nettet for å rekruttere, og for å spreie ideologi og tekniske terrorismeinstruksjonar (Sitter, 2017). Det at mykje av aktiviteten på internett føregår via transnasjonale nettverk på krypterte appar fører til at brukarane kan kommunisere anonymt, men det fører òg til at det er færre som blir eksponert (PST, 2020; PST 2022). Sympatisørar av ISIL i Europa og andre vestlege land vil fortsetje å spreie ekstremistisk propaganda på nett, og oppfordre mottakaren til å utføre terrorhandlingar (PST, 2022). Det at ISIL-entreprenørar kan rekruttere til og byggje celler på internett opnar opp moglegheita for flyktige angrep frå individ som tidlegare ikkje har vore knytt til nettverka, og opnar til og med opp for ekte «einsam ulv»-angrep som tidlegare har vore ei myte i europeisk samanheng (Nesser et al., 2016).

Dei transnasjonale europeiske nettverka som Islam4/Sharia4 og deira radikale ideologar, som har sverja truskap til ISIL, har på same måte som internett og sosiale medium spelt ei svært viktig rolle med tanke på rekruttering (Nesser, 2018). Det vert av fleire sentrale kjelder lagt vekt på betydninga av rekruttering blant heimvendte framandkrigarar med tanke på terrortrusselen i Europa, og ISIL introduserte ein heilt ny dimensjon til framandkrigarfenomenet (Sitter, 2017). Forsking har vist at kun ein liten minoritet av muslimar som søker mot konfliktsonar endar som internasjonale terroristar, men denne ekstreme minoriteten utgjer ein stor trussel for Europa (Nesser, 2018). Framandkrigarane er og har vore av svært betydeleg verdi for evna ISIL har til å spreie frykt og til å presse vesten (Hellestveit, 2017). Sommaren 2014 rapporterte den

---

danske etterretningstenesta at over 100 danskar hadde reist til Syria for å delta i konflikten, og at dette skjerpa trusselnivået i Danmark (Sitter, 2017).

Som nemnt tidlegare i oppgåva har ein sett at individ med erfaring som framandkrigar har ei sentral rolle i jihadistiske nettverk. Dei er «entreprenørar» som er ressurssterke, ideologiske aktivistar som rekrutterer individ som «misfits» og «drifters» til terrornettverk og terrorceller (Nesser, 2018). “Misfits” blir beskrive som personar med personlege problem: ofte unge med kriminell bakgrunn, rusproblem, eller som av andre grunnar hamna på utsida av samfunnet (Nesser, 2018). “Drifters” blir beskrive som personar som tilfeldig blir rekruttert og som i utgangspunktet ikkje skil seg nemneverdig ut frå andre europeiske muslimar som ikkje tek del i terrorisme; i denne kategorien finn ein både mindre privilegerte så vel som ressurssterke personar (Nesser, 2018). Entreprenørane fungerer òg som kontaktpersonar opp mot dei militante gruppene i konfliktsonene (Nesser, 2018). Informasjonen om kor sentral entreprenørane er med tanke på rekruttering seier oss at det er sannsynleg at land med sterke entreprenørar har meir rekruttering enn andre land. Vi har ingen informasjon om at Noreg har denne kapasiteten, då individ som tidlegare var sentrale er fengsla og fleire har blitt drepen under opphald i Syria og Irak, men som nemnt tidlegare har nettverksbygging i andre europeiske land påverknad på trusselsituasjonen i Noreg (PST, 2018).

Det er grunn til å forvente at gjentatte handlingar som vert oppfatta som krenkingar av Islam, vil auke radikaliseringa til ekstrem islamisme (PST, 2022). Vi har sjølv sett via media og eigne auge at det ved fleire av dei tidlegare markeringane til SIAN har møtt opp store mengder motdemonstrantar, der enkelte har tydd til valdsbruk som blant anna steinkasting. På bakgrunn av kunnskap om korleis ISIL rekrutterer både via nettet og ved bruk av entreprenørar, er det «sannsynlig» at desse motdemonstrantane kan vere sårbare for rekruttering. Måten SIAN ytrar seg på, at desse ytringane blir spreia på nett og at det på nett ikkje er noko hinder med tanke på den fysiske avstanden Noreg har til europeiske nettverk og ISIL sentralt er det «sannsynlig» at dette kan føre til auka rekruttering og dermed påverke trusselen ved SIAN sine markeringar. Då det ikkje er noko informasjon om at Noreg har eigne entreprenørar, og personar som tidigare var sentrale enten er fengsla eller drepen i Syria og Irak, er det «svært lite sannsynlig» at det føregår rekruttering på denne måten i Noreg, men som vist av informasjonen over er det sterke entreprenørar i andre europeiske land som «sannsynlig» kan rekruttere både lokalt og via nettet.

---

### 2.2.3 Våpentilfang

Våpentilfang er ein indikator fordi den seier noko om evna ISIL har til å utføre terrorangrep, sidan eit terrorangrep på ein eller anna måte inneberer bruk av vald (Sitter, 2017). For å utøve vald er våpen ein viktig faktor, og denne indikatoren kan seie oss noko om kva våpen ISIL har tilgjengeleg og derav indikere kva type angrep ISIL i så fall kan nytte seg av og kva det vil krevje å skaffe ulike typar våpen. Det er naturleg å anta at våpentilfanget til ISIL i Midtausten er forskjellig frå tilfanget til ISIL sine nettverk i Europa. På bakgrunn av vårt varslingsproblem vil vi vektlegge korleis ISIL opererer i Europa og kva våpen som er brukt eller planlagt brukt ved europeiske angrep.

Historisk sett har ISIL føretrekt bruk av bomber, men dei siste åra har ein sett at ISIL i større grad har nytta seg av kvardagsreiskap som kniv, mindre køyretøy eller lastebilar som våpen (Nesser, 2018). Alle jihadistangrepa i Europa i 2020 vart gjennomført av enkeltpersonar med enkle våpen som kniv eller bil (Nesser, 2021). Blant dei avverja angrepa var det fleire planar om massedrap, deriblant ein plan om å gjennomføre angrep med eksplosivar, bil og øks i Tyskland og planar om eit skyteangrep i Danmark (Nesser, 2021).

At ISIL i større grad har nytta og oppfordra til bruk av enkle våpen som kniv og køyretøy har fleire grunnar. Bruk av bomber krev meir planlegging og kompetanse. Det krev riktige ingrediensar og kunnskap for å lage ei vellykka bombe, og auka restriksjonar mot kjøp av kjemikalier har gjort det vanskelegare (Nesser, 2018). I tillegg blir planlagde bombeangrep oftare fanga opp og avverja (Nesser, 2018). Alle planlagde angrep med bruk av bilbomber i Europa har til dømes blitt oppdaga og avverja, og det er fleire dømer på at ein plan om å gjennomføre eit angrep med bombe ikkje har fungert (Nesser, 2018). ISIL-nettverket som stod bak angrepa i Barcelona i 2017 hadde til dømes planlagt å gjennomføre bilbombeangrep. Då bomba eksploderte under produksjon, måtte dei gå over til ein enklare plan og nytta heller ein kassebil til å køyre inn i ei folkemengd (Nesser, 2018). Eit anna døme er då fransk politi arresterte ein mann i Nice i 2014 for å ha planlagt å bombe karnevalet. Han vart tatt med 900 gram TATP-eksplosiv (Nesser, 2018). Sjølv om bruk av bomber i eit terrorangrep kan ha fatale konsekvensar, har angrep med bruk av bil mot folkemengder også vist seg å vere svært dødelege (Nesser, 2018). Denne typen angrep har også vist seg å vere nesten umogleg å oppdage og avverje. Dømer på denne typen angrep er terrorangrepet i Nice i 2016, Berlin i 2016, Stockholm i 2017 og Barcelona i 2017 (Nesser, 2018).

Som vi ser har dei fleste terrorangrepa dei siste åra blitt gjennomført ved bruk av enkle våpen, som kniv og køyretøy (Nesser, 2018). Risikoen for å bli oppdaga om ein

---

planlegg å bruke ei bombe er som vi har sett høgare enn ved bruk av kniv eller bil, som nesten er umogleg å oppdage og dermed avverje. På bakgrunn av dette blir det vurdert som «sannsynlig» at eit terrorangrep frå ISIL mot SIAN vil omfatte bruk av enkle våpen som kniv eller køyretøy. Å skaffe seg enkle våpen krev liten grad av planlegging og er billig. Dette er difor ein indikator som viser seg å vere mindre viktig i vurderinga av trusselen, då den i liten grad kan seie noko for eller i mot evna ISIL har til å utføre angrep. Vi er difor avhengig av sjå på andre indikatorar.

#### *2.2.4 Finansiering*

Det er viktig å sjå på finansiering som ein indikator, fordi det kan fortelje noko om kva økonomisk kapasitet ISIL har til å drifte fasen der dei planlegg eit angrep. I tillegg vil stor eller liten økonomisk kapasitet seie nok om evna ISIL har til å gjennomføre eit angrep, i kor stor grad dei er i stand til å finansiere angrep utført av nettverk i andre land og moglegvis kor stort omfang angrepet vil ha.

Terrororganisasjonar er avhengige av pengar for å utvikle og halde seg ved like, samt oppretthalde terroraktivitet og ideologi (Oftedal, 2015). Rekruttering av nye medlemmar, bygging av treningsleirar, mat og bustad er døme på utgifter som må dekkast (Oftedal, 2015). For europeiske nettverk er kostnadane sentrert rundt reiseverksemd, trening, leige av lokale og det å skaffe våpen (Oftedal, 2015).

Frå 2014 til 2017 var ISIL si finansiering i stor grad basert på oljeinntekter, skatteinntekter, plyndring, utpressing, smugling av olje, våpen, kulturskattar og narkotika (Oftedal, 2015). Dei hadde tilgang på enorme pengesummar, og vart omtalt som verdas rikaste terrororganisasjon (Hellestveit, 2017). Dei var i stand til å finansiere militære operasjonar i Irak og Syria, men også operasjonar for nettverk i andre land (Hellestveit, 2017). Som vi har sett tapte ISIL sitt sjølvklærte kalifat i 2017, og mista dermed også nokre av sin primærkjelder til pengar, som olje og skatt (CEP, u.å.). Det er derimot mykje som tyder på at dei framleis har god tilgang på pengar. Tapet av kalifatet frigjorde ISIL frå utgiftene ved å halde på ein stat, og dei nyttar seg framleis av inntektskjelder som vart etablert under kalifatet, som til dømes løysepengar og utpressing (CEP, u.å.). Når det kjem til europeiske nettverk var 58 % av dei 40 nettverka som vart studert i rapporten frå Oftedal basert på, i alle fall delvis, medlemmane sine lønnsinntekter, ulike typar av sosial stønad og sparepengar (Oftedal, 2015). Den andre mest vanlege inntektskjelda var tjuveri og ran, og ulovleg sal av til dømes narkotika og våpen (Oftedal, 2015). Omtrent halvparten av dei europeiske nettverka var sjølv-finansierte, altså det fans ikkje bevis på at dei hadde mottatt ekstern støtte (Oftedal,

---

2015). Desse nettverka var oftare i stand til å utføre terrorangrep enn nettverk som hadde mottatt støtte (Oftedal, 2015).

Ein anna faktor det er viktig å sjå på er flytting av pengar. Dersom ISIL har pengar på andre stadar enn der dei skal bli brukt, må dei altså flyttast. Dei seks mest vanlege metodane som terrororganisasjonar har brukt for å flytte pengar er: kurerar, hawala og liknande verksemder, bedrifter som driv pengeoverføring, formell bankverksemd, falske fakturaer og investering i gjenstandar av høg verdi (Oftedal, 2015). Andre moglege metodar å bruke er virtuelle valutasystem, altså kryptovaluta (Oftedal, 2015). Det er gjort funn som tyder på at ISIL har nytta kryptovaluta til å finansiere terroraktivitet på nett, men enda ikkje nytta det til å finansiere eit terrorangrep direkte (Europol, 2018). Det er ingenting som tyder på at nettverka i Europa har nytta seg av hawalaverksemd eller kryptovaluta, men det knyt seg usikkerheit til dette (Oftedal, 2015). Dei fleste ekstreme nettverka i Europa fekk finansiell støtte ved overlevering av kontantar gjennom personlege møter, ofte i planleggingsfasen av eit terrorangrep (Oftedal, 2015).

Mykje tyder altså på at ISIL som internasjonal terrororganisasjon framleis er i stand til å finansiere terrorangrep i Vesten, men berre ein fjerdedel av jihadistisk terror i Europa hadde i 2014 fått støtte frå internasjonale terrororganisasjonar (Oftedal, 2015). Det er difor meir relevant å sjå på den økonomiske kapasiteten til dei europeiske nettverka, noko som heller ikkje verkar å vere avgjerande sidan det viser seg at dei fleste terrorangrep er billege. Dei enklaste terrorangrepa kosta få kroner, og sjølv store angrep har vist seg å vere relativt billege (Oftedal, 2015). Omfanget av angrepet vil også ha noko å sei, og som vurdert under indikatoren våpentilfang er det «sannsynlig» at eit terrorangrep mot SIAN vil bli utført med enkle våpen, som kniv eller køyretøy. Eit slikt angrep vil koste mindre enn eit angrep med til dømes eksplosivar.

Eit angrep frå eit nettverk i Noreg vil krevje mindre grad av finansiering enn eit angrep frå eit europeisk nettverk eller at ISIL sender eit angrepslag til Noreg. Som vi har sett er det lite som tyder på at eit slikt nettverk er å finne i Noreg. Eit terrorangrep utført av europeiske nettverk eller angrepslag sendt av ISIL vil krevje større grad av finansiering i form av reise og opphald. Basert på at ISIL trass tapet av kalifatet har klart å oppretthalde mykje av inntektene sine, at terrorangrep som oftast krev lite pengar og at det verkar som mange av dei europeiske nettverka har økonomisk kapasitet, vurderast det som «sannsynlig» at ISIL har evne til å finansiere eit terrorangrep mot SIAN-markeringane våren og sommaren 2022.



---

### 2.2.5 Reiseverksemd

Reiseverksemd er ein indikator fordi det fortel noko om evna ISIL har til å forflytte seg. For at eit terrorangrep mot SIAN skal kunne skje, må dei som skal utføre det forflytte seg på ein eller anna måte, i større eller mindre grad. Sidan vi har sett at det er lite som tyder på at det finst aktive nettverk i Noreg, verkar det som relevant å sjå på evna ISIL har til å reise til Noreg, enten ved å bruke eit angrepslag frå Midtausten eller europeiske nettverk.

Som vi har sett finst det fleire aktive nettverk i Europa, til dømes i Tyskland og Frankrike (Nesser et al., 2016). Begge landa er medlem i Schengen (UDI, u.å.). Det å krysse landegrenser i Europa treng ikkje nødvendigvis å by på store utfordringar, men det knyt seg likevel risiko til å krysse landegrenser. Borgarar i Schengen-land kan reise fritt mellom landa, og det er normalt sett ikkje passkontroll mellom landa (UDI, u.å.). Ei reise i Europa kan gjerast på fleire måtar, fly, tog, bil, båt og til fots. Ei reise med fly vil krevje både pass og flybillett, og sikkerheitskontroll og passkontroll på flyplassane vil gjere oppdagingsrisikoen større. Reise med bil kan derimot vere problemfritt, sjølv om dette vil ta lenger tid avhengig av kva land dei reiser frå. Dei fleste nettverka i Europa består i hovudsak blant anna av returnerte framandkrigarar og terrordømte (PST, 2022). Det er difor ein risiko for å bli fanga opp av myndighetene dersom desse personane vel å krysse landegrenser, uavhengig av om dei viser pass eller anna ID (Interpol, u.å.).

Ei reise frå eit land i Midtausten vil by på større utfordringar. Reiseavstanden er større, og landa i Midtausten er ikkje medlem av Schengen (UDI, u.å.). ISIL har ved nokre høve utstyrt framandkrigarar som reiser tilbake frå Syria til Europa med falske dokument (Nesser et al. 2016). Risikoen for at eit angrepslag sendt frå ISIL til Noreg vil bli oppdaga på sin veg må ein sjå på som høg, då desse vil måtte innom passkontroll på eit eller anna tidspunkt. Ein metode som har blitt brukt av ISIL tidlegare for å få terroristar inn i eit land i Europa, er å smugle dei inn saman med flyktningar (Nesser, 2018). Dette vart blant anna gjort av ISIL-nettverka som stod bak angrepa på Bataclan i 2015 og i Brussel i 2016 (Nesser, 2018). Mange av dei som blir transportert inn som flyktningar, er framandkrigarar som tidlegare har budd i Europa (Nesser, 2018). Av dei minst ti gjennomførte angrepa i Europa i 2020 involverte åtte av hendingane personar som har kome til Europa som flyktningar, noko som viser at ISIL framleis nytta seg av asylinstituttet for å forflytte terroristar og for å rekruttere flyktningar (Nesser, 2021).

Korona-pandemien har derimot gjort dette endå vanskelegare. Reiserestriksjonane som følgje av Covid-19 påverka returen av framandkrigarar til Europa i 2021 (Europol, 2021). Berre eit lite antal returnerte framandkrigarar vart

---

registrert, inkludert to ISIL-medlemmar som kom inn til Spania via ei migrasjonsrute frå Nord-Afrika (Europol, 2021). Terrorismen sin tilbakegang i Vesten i 2021 hadde samanheng med pandemien, og avgrensingar i blant anna rørslefridom og reise kan forklare noko av tilbakegangen (Global Terrorism Index (GTI), 2022). Dersom tiltaka blir fjerna er det ei moglegheit for auka terroraktivitet (GTI, 2022). Sjølv om Noreg no har opna for fri innreise utan plikt til å vise koronapass, er det framleis fleire land som krev det (Helse Norge, u.å.).

Graden av reiseverksemd som må til avheng altså av kven som utfører eit eventuelt angrep. Ei reise vil koste pengar, og som vi har sett tyder mykje på at ISIL har økonomisk kapasitet. Ei reise vil by på risikoar, og krev planlegging og mobilisering. Dette krev igjen motivasjon nok til å velje Noreg og SIAN som mål. Ein metode som tidlegare er brukt av ISIL er utnytting av asylinstituttet (Nesser, 2021). Til tross for at Noreg tok i mot rundt 70 000 flyktningar (Flyktninghjelpen, 2021) har ein ikkje sett auka aktivitet i norske ekstreme nettverk (JD, 2020), noko som tyder på at denne metoden ikkje har vore nytta av ISIL inn til Noreg. Vi kan likevel ikkje utelukke at dei vil nytte seg av dette i tida framover. Som vi har sett har pandemien satt ein stoppar òg for terroristane si moglegheit til å reise dei siste par åra. Til tross for at Noreg har opna grensene sine, er det fleire andre land som fortset med restriksjonar. Det blir difor vurdert som «*lite sannsynlig*» at ISIL har kapasitet til å sende eit angrepslag frå Midtausten til Noreg, og det blir vidare vurdert som «*mulig*» at europeiske nettverk reiser til Noreg for å angripe SIAN.

### 2.2.6 Tidlegare angrep

Tidlegare angrep er ein indikator fordi det kan fortelje oss noko om korleis ISIL tenkjer, korleis dei utfører angrep, kor dei utfører angrep, talet på angrep og eventuelle endringar.

Som ein veit har ISIL stått for dei fleste terrorangrepa i Vesten sidan 2014 (Nesser, 2018). Islamistisk terrorisme fortset å dominere i Vest-Europa og det var meir islamistisk angrepsaktivitet i 2020 enn forventa (Nesser, 2021). Det at ISIL vart nedkjempa i 2019 har gjort at jihadisttrusselen i Vesten har endra karakter, og ein ser færre store massedrapsaksjonar enn ein såg då ISIL var sterkast mellom 2014 og 2017 (Nesser, 2021). Trusselen i dag består av relativt små, men brutale angrep, gjennomført av ISIL sine nettverk og sympatisørar (Nesser, 2021). Det var 13 jihadistiske angrep i Europa i 2020, altså dobbelt så mange som i 2019 (Europol, 2021). I 2021 sank talet på terrorangrep i vesten med 68 % samanlikna med 2018 (GTI, 2022). Europa såg tre

---

angrep utført av islamistiske nettverk i 2021, som er det lågaste talet angrep sidan 2012 (GTI, 2022). Det er ingen registrerte gjennomførte angrep i Noreg som har vore direkte knytta til ISIL (Global Terrorism Database, u.å.). Det er derimot fleire avverja angrep som kan knytast til ekstrem jihadisme, også i Noreg (Nesser et al., 2016). I perioden 2017 til 2018 vart det totalt avverja over 60 ulike terrorangrep i Vesten, inkludert terrorplanar i og mot Noreg (PST, 2020). Seinast i 2021 vart ein 16 år gammal gut arrestert og dømt for å planlegge terror i Noreg og for deltaking i ISIL (Norwell, 2021).

Av alle angrep utført av ISIL i Europa, verkar det på bakgrunn av varslingsproblemet mest relevant å sjå på angrep utført som følge av krenkingar av islam og muslimar. Det har vist seg vanskeleg å seie eksakt kor mange angrep som har vore ein direkte respons på krenkingar, men det er fleire dømer på angrep som har vert tilsvar på krenkingar (Sitter, 2017). I 2005 publiserte danske og norske aviser karikaturteikningar av profeten Muhammed (Kristoffersen & Alsaker 2018-d.d). Dette førte til fleire terrorangrep mot Vesten (Sitter, 2017). I 2015 vart det franske satiremagasinet Charlie Hebdo, som hadde publisert karikaturteikningar av profeten, angrepet av terroristar med tilknytning til al-Qaida og ISIL (Nesser et al., 2016). Gjerningsmannen ropte at dei hadde hemna profeten og myrda «Charlie Hebdo» (Nesser, 2018). Fleire angrep følgde, og dryge ti månadar seinare sjokkerte ISIL Europa med angrepa i Paris (Sitter, 2017). I 2020 viste fransklæraren Samuel Paty fram karikaturteikningane frå Charlie Hebdo i ein undervisningstime for ungdomsskuleelevar. Dette førte til at han vart han halshogd av ein mann som hadde knytningar til ISIL (Kierulf, 2020).

Det er ikkje funnet informasjon om angrep eller angrepsplanar som følgje av SIAN sine krenkingar, men det kan nemnast at Eidsivating lagmannsrett dømde ein muslimsk asylsøkar busett i Noreg for å ha tent på to kyrker i Dombås-Sel i 2020 (Rt. 2021-52687). Han forklarte i rettssaka at handlingane hans var ein hemnreaksjon på at SIAN brann koranen under ei markering i november 2019 og at han opplevde dette som ei krenking av hans religion (Rt. 2021-52687). Sjølv om dette ikkje ble sett på som eit terrorangrep, viser det at SIAN har provosert fram kriminelle handlingar i Noreg.

At angrepsaktiviteten i Europa har gått drastisk ned det siste året kan indikere at trusselen frå ISIL er lågare samanlikna med tidlegare år. Det fråverande talet på angrep i Noreg kan indikere at ekstreme nettverk ikkje har blitt nok motivert og inspirert til å utføre terrorangrep i Noreg. Avverja terrorangrep i Noreg seier oss at vi derimot ikkje kan utelukke eit framtidig angrep, og erfaringsmessing kan det gå lang tid frå ein opplevd provokasjon til eit angrep finn stad (PST, 2022). SIAN har i fleire år haldt markeringar. Frå å holde seg til stort sett munnlege appellar på markeringar, såg ein i

---

2020 at dei i større grad nytta seg av visuelle effektar, som vanæring ved blant anna å brenne koranen (Antirasistisk senter, 2022).

#### 4. TRUSSELBILETET

Denne trusselvurderinga baserer seg på open informasjon vi har tilgjengeleg per dags dato. Ei trusselvurdering vil gjere seg endå betre om ein har moglegheit til å følgje trendar og utviklingar over tid, noko vi har ikkje hatt moglegheit til. For at eit terrorangrep frå ISIL mot SIAN skal skje, må både intensjon (vilje) og kapabilitet (evne) hos ISIL vere til stades. Dei ulike indikatorane er analysert med tanke på endringar og relevans, og vil gi eit grunnlag for å kunne konkludere med ei vurdering av «sannsynligheten» for at eit angrep vil gjere seg gjeldande.

ISIL har endra seg som organisasjon sidan dei vaks fram i 2004, og angrepsaktiviteten i Vesten har gått i bølger. Tapet av kalifatet svekka ISIL som ein transnasjonal organisasjon, men dei står framleis sterkt i Midtausten (CEP, u.å.). Til tross for at organisasjonen er svekka lever ideologien vidare og inspirerer framleis aktørar og nettverk i Europa til å utføre terrorangrep (Nesser, 2021). Europeiske nettverk ser òg framleis ut til å vere sterke (E-tenesta, 2022).

Til tross for at ISIL har stått for dei dei fleste terrorangrep i verda sidan 2014, gjekk talet på angrep mot vesten drastisk ned i 2021 (GTI, 2022). Mindre vestleg nærvær i muslimske land kan vere ein av årsakene til dette (E-tenesta, 2022). Dette kan indikere at trusselen frå ISIL i Europa og Noreg er lav. At ISIL nyleg har kome med utsegner og oppfordringar om å angripe Vesten vitnar derimot om at intensjonen om terror framleis er høg (MEMRI, 2022).

ISIL verkar å stå sterkt økonomisk og det er ikkje funne informasjon om at dette har endra seg (Oftedal, 2015; CEP, u.å.). Terrorangrep har vist seg å koste lite (Oftedal, 2015). Ein har sett at angrepa dei siste åra stort sett har blitt utført med enkle våpen som kniv eller køyretøy, noko som kostar lite og nærmast er umogleg å avverje (Nesser, 2018).

Det er ikkje funne informasjon om at det finst aktive islamistiske terrornettverk i Noreg. Sjølv om andre nettverk i Europa verkar å stå sterkt (PST, 2022) er det ikkje funne noko informasjon om at desse har motivasjon nok til å angripe ei SIAN-markering i Noreg. Dessutan vil ei reise inn til Noreg krevje ei viss grad av reiseverksemd og dermed ein viss grad av risiko for dei som eventuelt skulle reise. Pandemien har også satt ein stoppar for reiseverksemda dei siste par åra, noko som også har påverka terroristane si evne til angrep (GTI, 2022).

PST skriv at personar som fornærmar religionen islam er blant dei mest sannsynlege måla for eit terrorangrep (PST, 2022). Vi har sett at SIAN sine markeringar utan tvil kan verke krenkande, og at dei markerer seg på internett og sender markeringane sine «live» over facebook. Media i Noreg har derimot gitt dei lite publisitet og dei har generelt sett hatt liten nyheitsverdi i Noreg. Vi har ikkje funnet noko informasjon om at SIAN sin aktivitet har spreidd seg til andre europeiske nettverk. Dette kan indikere at SIAN sin aktivitet ikkje er kjent av nettverk i Europa og ISIL sentralt i Midtausten. Det knyt seg derimot usikkerheit til denne vurderinga, då vi ikkje veit om det kan ha spreidd seg på det skjulte nettet og krypterte kommunikasjonsmiddel som vi veit at blir nytta av ISIL (PST, 2020; PST, 2022).

### 5. KONKLUSJON

ISIL sin intensjon om å utføre terror er tilsynelatande framleis til stades, men evna verkar derimot svekka i Vesten. På bakgrunn av dette blir det vurdert som «*lite sannsynlig*» at ISIL vil gjennomføre eit terrorangrep mot SIAN sine markeringar våren og sommaren 2022.

---

**LITTERATURLISTE**

Antirasistisk Senter. (2022) *Stopp Islamiseringen av Norge (SIAN)*.

antirasistisk.no. <https://antirasistisk.no/stopp-islamiseringen-av-norge-sian/>

Aukrust, K., Orban, F. (Programledere). (2020-d.d). *Frankrike forklart* (Podkast). UiO.

Counter Extremism Project. (u.å.). *Counter Extremism Project –*

*ISIS*. Counter Extremism Project.

<https://www.counterextremism.com/threat/isis>

Etterretningstjenesten. (2022). *FOKUS 2022. Etterretningstjenestens vurdering av*

*aktuelle sikkerhetsutfordringer*. [https://www.forsvaret.no/aktuelt-og-](https://www.forsvaret.no/aktuelt-og-presse/publikasjoner/fokus/rapporter/Fokus-2022-til-web.pdf/_/attachment/inline/ec6bec00-d2d3-41c0-af08-02b3b494e8b7:e4014ab4d0e3bd8b2509e7974430fe121e0473ba/Fokus-2022-til-web.pdf)

[presse/publikasjoner/fokus/rapporter/Fokus-2022-til-](https://www.forsvaret.no/aktuelt-og-presse/publikasjoner/fokus/rapporter/Fokus-2022-til-web.pdf/_/attachment/inline/ec6bec00-d2d3-41c0-af08-02b3b494e8b7:e4014ab4d0e3bd8b2509e7974430fe121e0473ba/Fokus-2022-til-web.pdf)

[web.pdf/\\_/attachment/inline/ec6bec00-d2d3-41c0-af08-](https://www.forsvaret.no/aktuelt-og-presse/publikasjoner/fokus/rapporter/Fokus-2022-til-web.pdf/_/attachment/inline/ec6bec00-d2d3-41c0-af08-02b3b494e8b7:e4014ab4d0e3bd8b2509e7974430fe121e0473ba/Fokus-2022-til-web.pdf)

[02b3b494e8b7:e4014ab4d0e3bd8b2509e7974430fe121e0473ba/Fokus-2022-](https://www.forsvaret.no/aktuelt-og-presse/publikasjoner/fokus/rapporter/Fokus-2022-til-web.pdf/_/attachment/inline/ec6bec00-d2d3-41c0-af08-02b3b494e8b7:e4014ab4d0e3bd8b2509e7974430fe121e0473ba/Fokus-2022-til-web.pdf)

[til-web.pdf](https://www.forsvaret.no/aktuelt-og-presse/publikasjoner/fokus/rapporter/Fokus-2022-til-web.pdf/_/attachment/inline/ec6bec00-d2d3-41c0-af08-02b3b494e8b7:e4014ab4d0e3bd8b2509e7974430fe121e0473ba/Fokus-2022-til-web.pdf)

Europol. (2018). *Internett Organised Crime Threat Assessment*. (ISBN 978-92-

95200-94-4). European Union Agency for Law Enforcement Cooperation.

[https://www.europol.europa.eu/cms/sites/default/files/documents/iocta201](https://www.europol.europa.eu/cms/sites/default/files/documents/iocta2018.pdf)

[8.pdf](https://www.europol.europa.eu/cms/sites/default/files/documents/iocta2018.pdf)

Europol (2021). European Union: Terrorism Situation and Trend report. *Europol*,

2021. 1-112.

[https://www.europol.europa.eu/cms/sites/default/files/documents/tesat\\_20](https://www.europol.europa.eu/cms/sites/default/files/documents/tesat_2021_0.pdf)

[21\\_0.pdf](https://www.europol.europa.eu/cms/sites/default/files/documents/tesat_2021_0.pdf)

FFI. (2020, 18. november). *Politisk vold og polarisering i Frankrike*. ffi.no.

[https://www.ffi.no/aktuelt/arrangementer/politisk-vold-og-polarisering-i-](https://www.ffi.no/aktuelt/arrangementer/politisk-vold-og-polarisering-i-frankrike)

[frankrike](https://www.ffi.no/aktuelt/arrangementer/politisk-vold-og-polarisering-i-frankrike)

Flyktninghjelpen. (2021). *Disse 10 landene tar I mot flest flyktninger*.

---

[https://www.flyktninghjelpen.no/perspektiv/2020/disse-ti-landene-tar-  
imot-flest-flyktninger/](https://www.flyktninghjelpen.no/perspektiv/2020/disse-ti-landene-tar-<br/>imot-flest-flyktninger/)

Forsvaret. (u.å). *Operation Inherent Resolve*. I tjeneste for Norge.

<https://www.itjenestefornorge.no/operasjoner/operation-inherent-resolve>

Grabo, C. M. (2004). *Anticipating surprise: Analysis for strategic warning*. University Press of America.

Global Terrorism Database (u.å).

<https://start.umd.edu/gtd/search/Results.aspx?search=norway&sa.x=0&sa.y=0&sa=Search>

Global Terrorism Index (2022). Measuring the Impact of Terrorism. *Global Terrorism*

*Index, mars. 2020*. 1-96. GTI-2022-web.pdf

Hellestveit, C. (2017). *Syria: en stor krig i en liten verden* (1.utg.). Pax.

Helse Norge (u.å). *Om koronasertifikatet*.

[https://www.helsenorge.no/koronasertifikat/om/#dokumentasjon-ved-  
reise-til-og-fra-utlandet-og-innenlands-i-norge](https://www.helsenorge.no/koronasertifikat/om/#dokumentasjon-ved-reise-til-og-fra-utlandet-og-innenlands-i-norge)

Hoffman, B. (2017). *Inside terrorism* (3. utg.) Columbia University Press.

Interpol (u.å). *Border management*.

<https://www.interpol.int/How-we-work/Border-management>

Justis- og beredskapsdepartementet. (2018). *Nasjonal risikovurdering –*

*Hvitvaskning og terrorfinansiering i Norge 2018*. Regjeringen.no.

[https://www.regjeringen.no/contentassets/58f96ea9756d4457be309560962  
4d96d/nasjonal-riskikovurdering.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/58f96ea9756d4457be3095609624d96d/nasjonal-riskikovurdering.pdf)

Kierulf, A. (2020). Ytringsfrihet og Muhammed-karikaturer. *Hvor hender det?*

---

(nr.18), u.sidespenn. <https://www.nupi.no/Skole/HHD-Artikler/2020/Ytringsfrihet-og-Muhammed-karikaturer>

Kristoffersen, E.B., Alsaker, L. (Programledere). (2018-d.d). *Muhammedkarikaturene* (Podkast). NRK.

Memri. (2022). *ISIS Spokesman Announces "Raid Of Revenge" Campaign To Avenge The Deaths Of Slain ISIS Leader And Spokesman*. Memri.org. <https://www.memri.org/jttm/second-audio-message-new-isis-spokesman-announces-campaign-avenge-deaths-organizations-former>

Nesser, P. (2018). *Islamist Terrorism in Europe*. Oxford University Press.

Nesser, P., Stenersen, A. & Oftedal, E. (2016). Jihadi Terrorism in Europe: The IS-Effect. *Prospektives of terrorism*, 10(6), 3-24.  
<https://publications.ffi.no/nb/item/asset/dspace:1809/1409482.pdf>

Nesser, P. (2021). Militante islamister har vist seg som en seiglivet trussel. Høyreekstremismen lurert i kulissene. Viruset stopper ikke terroristene BI 2021. <https://www.bi.no/forskning/business-review/articles/2021/01/viruset-stopper-ikke-terroristene/>

Neumann, P. R. (2016). *Radicalized: New Jihadist and the Threat to the West* (1. utg.). Bloomsbury Publishing.

Norwell, F. (2021). Teenager jailed over terror attack plot in Norway. *The Local*. <https://www.thelocal.no/20210630/16-year-old-jailed-over-terror-attack-plot-in-norway/>

Oftedal, E. (2015). *The financing of jihadi terrorist Cells in Europe*. FFI. <https://publications.ffi.no/nb/item/asset/dspace:2469/14-02234.pdf>

Ot.prp. nr. 8 (2007-2008)

*Om lov om endringer i straffeloven 20. mai 2005 nr. 28 mv. (skjerpene og formildende omstendigheter, folkemord, rikets selvstendighet, terrorhandlinger,*



---

*ro, orden og sikkerhet, og offentlig myndighet*) Justis- og politidepartementet 2007.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/380dda240b3f47a0a2d8e4151d4f4ca9/no/pdfs/otp200720080008000dddpdfs.pdf>

PST., NSM. & POD. (2015). *Terrorsikring. En veiledning i sikrings- og beredskapstiltak mot tilsiktede uønskede handlinger.*

<https://www.pst.no/globalassets/artikler/utgivelser/veileder-i-terrorsikring.pdf>

PST. (2018). *Trusselvurdering 2018.* <https://www.pst.no/trusselvurdering-2018>

PST. (2020). *Oppdatert trusselvurdering. Skjerpet trussel fra ekstrem islamisme.*

<https://pst.no/alle-artikler/pressemeldinger/skjerping-av-trusselen-fra-ekstrem-islamisme/>

PST., POD. (2020). *Nasjonal risikovurdering: Hvitvasking og terrorfinansiering 2020.*

(Nasjonal risikovurdering).

<https://www.finansnorge.no/contentassets/dfd883c63bb54e67a1cf78e615377ca6/nra-2020.pdf>

PST. (2020). *Nasjonal trusselvurdering 2020. (Nasjonal trusselvurdering)*

[https://pst.no/globalassets/artikler/utgivelser/2020/pst\\_trusselvurdering\\_2020.pdf](https://pst.no/globalassets/artikler/utgivelser/2020/pst_trusselvurdering_2020.pdf)

PST. (2020). PST. *Hvordan avverges terrorangrep?: Den sentrale enhet., 2020,*

1-7. hvordan-avverges-terrorangrep.pdf (pst.no)

PST. (2022). *Nasjonal trusselvurdering 2022 (Nasjonal trusselvurdering).*

nasjonal-trusselvurdering-2022-pa-norsk.pdf (pst.no)

Sitter, N. (2017). *Terrorismens Historie: Attentat og terrorbekjempelse fra*

*Bakunin til IS.* Dreyers Forlag.

Stern J., Berger M.J. (2016). *ISIS: The State of Terror.* William Collins.

---

UDI. (u.å). *Schengen/Schengenområdet.*

<https://www.udi.no/ord-og-begreper/schengen--schengenområdet/>